

Møte for lukkede dører, Stortinget 14. januar 1936

Møte for lukkede dører i Stortinget
den 14. januar 1936 kl. 10¹

President: Hambro.

Dagsorden:

Redegjørelse av utenriksminister Kohts om sjøgrensesaken.

Presidenten: I henhold til forretningsordenens bestemmelse foreslår presidenten at møtet holdes for lukkede dører. - Ingen har uttalt sig derimot, og presidenten anser forslaget enstemmig vedtatt. - Presidenten foreslår videre at Regjeringens medlemmer, de i forretningsordenens § 54 nevnte funksjonærer samt utenriksråden gis adgang til møtet. - Det ansees vedtatt.

Statsråd Koht:² So fort som dette Stortinget kom i hop, var det ynsket mitt og ein naturleg skyldnad for meg å få gjeva Stortinget melding um det som har gått for seg i den viktige saka som Stortinget avgjorde straks fyrr det skildest i sumar, sjøgrensespursmålet. Eg må då fyrst berre med eit ord få minna um det som ligg offentleg fyre. Den 12 juli vart det vedteke ein kongeleg resolusjon i fullt samsvar med det vedtaket som vart gjort av Stortinget i juni - ein kongeleg resolusjon som drog upp linone for det norske fiskeumrådet, grovt sagt frå Vestfjorden til Varanger. Denne resolusjonen var då i samsvar med vedtaket her i Stortinget; men eg vil gjerne peika på at reint formelt skilde denne resolusjonen seg noko frå den vanlege resolusjonsforma som elles er nytta, på den måten at i denne siste resolusjonen er det i sjølve den kongelege resolusjonen teke med ei grunngeving. Det er ei gamal form som dermed er teken upp, ei form som var svært mykje i bruk i eldre tider, men som no i dei nyaste tidene er komen burt, og som eg i dette tilfelle meinte vilde vera sers nyttig, for di at når denne resolusjonen seinare vart dryft, kunngjord og avprenta andre stader, vilde ein alltid då med ein gong ha for seg sjølve grunnlaget for vedtaket. Difor står det aller fyrst i resolusjonen desse ord:

"Med grunnlag i gamal nasjonal hevd, - i samsvar med dei geografiske vilkåra langs den norske sjøsida, - til verje for livskrava for den norske busetninga i den nørdeste luten av landet, - og i samhøve med dei kongelege resolusjonane frå 22 februar 1812, 16 oktober 1869, 5 januar 1881 og 9 september 1889, - blir hermed fastsett grenselinene - - -"

Dermed har vi då både det historiske, det økonomiske og det geografiske grunnlaget gjeve for det som er innhaldet i sjølve resolusjonen.

¹ Starten på møtet foreligger ikke i manuskript og er rekonstruert etter møteprotokollen.

² Herfra gjengitt etter trykt, hemmelig, referat.

Resolusjonen vart vedteken i statsråd den 12 juli, men vart ikkje kunngjord fyre den 20 august. Vi vilde i Regjeringa venta med kunngjeringa til vi hadde alt godt fyrebutt, m.a. soleis at dei viktige aktstykkja som var grunnlaget for resolusjonen, kunde bli umsette på framande mål, og vi kunde gjeva alle opplysningar attåt som kunde vera turvande. M.a. sende vi ut til pressa eit kart med ein klisjé som var lett å prenta av, og som gav sjølve dei nye grenselinone klårt og greitt. Resolusjonen kom då i pressa den 20 august. Samstundes vart det sendt melding um denne resolusjonen til ei einskild regjering, den britiske, av den formelle grunnen at den britiske regjeringa mange gonger hadde forhandla med den norske um desse spursmåla og hadde bede um - nær sagt kravt - at den norske Regjeringa skulde melda frå korleis ho vilde draga grenselinone for det norske fiske- eller sjøområdet. Difor var det naturleg og rett å senda melding til den britiske regjeringa.

Etter resolusjonen på denne måten var kunngjort både her i landet og i andre land, vart det - det er klårt nok - ordskifte både her og der, men serleg i England. Det kom fram i engelske blad - ikkje i dei store engelske blada, men i engelske blad som høyrer heime på dei kantar der dei store trålarselskapa held til - kritikk, innkast mot denne norske resolusjonen. Og so stod det ein dag - det var den 31 august - eit telegram frå London i den norske "Aftenposten" med ei stor overskrift: "Norge opgir sjøgrensen - foreløbig, en følge av engelsk protest", og innhaldet av telegrammet, dagsett 30 august i London, var då dette:

"Efter hvad Deres korrespondent erfarer, har den norske Regjering sendt et svar på den britiske regjerings henstilling angående utvidelsen av fiskegrensen. Det britiske utenriksdepartements note påpekte, at ingen norsk overenskomst eller beslutning kunde bli anerkjent før en diskusjon hadde funnet sted mellem de nasjoner, som nu benytter fiskegrunnene. Uten å prejudisere de krav som er gjort i den kongelige norske resolusjon, har den norske Regjering nu gått med på ikke å sette bestemmelsen i kraft overfor britiske trålere før saken er blitt gjort til gjenstand for nye overlegninger. Efter hvad det meddeles, er beslutningens ikrafttreden blitt utsatt foreløbig til efter 1 oktober."

Med tilføre av dette telegrammet i "Aftenposten" sende eg same dagen frå Utanriksdepartementet ei melding til pressa, som lyder soleis:

"Når det tek til å koma range opplysningar frå London um sjøgrensesaka, må Utanriksdepartementet gjeva greide på kva som er sant.

Etter den kongelege resolusjonen frå 12 juli vart kunngjort den 20 august har det norske

Utanriksdepartementet ikkje fått nokon note ifrå den britiske regjeringa um saka. Det som har hendt er at den britiske sendemannen i Oslo den 24 august gav att for utanriksministeren innhaldet i eit telegram han hadde fått ifrå sitt departement.

I dette telegrammet sa den britiske regjeringa ifrå at ho heldt fast på 3-mils-grensa for sjøområdet og ikkje vilde godkjenna 4-mils-grensa, like so lite for fiskeområdet som for nøytralitetsområdet. Dette er gamalt britisk standpunkt. Men resolusjonen frå 12 juli handla ikkje um dette spørsmålet, fordi 4-mils-grensa er endå eldre norsk standpunkt.

I telegrammet tok dessutan den britiske regjeringa undanhald med omsyn til spørsmålet um dei grunnlinene som var fastsett. Men det har det norske Utanriksdepartementet endå ikkje høyrte noko meir um.

Den britiske sendemannen sa at regjeringa hans i den næraste framtida vilde senda han instruks um å dryfta med den norske Regjeringa framlegg um ein ålmann avtale um heile fiskebankespørsmålet i Nord-Noreg, og han bad um at medan dette spørsmålet vart dryft, og serskilt med omsyn til at britiske trålarar alt var på veg til fiskebankane fyrr resolusjonen vart kunngjort, måtte resolusjonen fyrebils ikkje bli sett i verk.

Den norske utanriksministeren svara at det var meininga på norsk side òg å ta opp forhandling um fisket ute på havbankane. Han kunde allikevel ikkje for den skuld setja den kongelige resolusjonen ut or kraft. Men han lova gjerne at ein frå norsk side vilde gå lempeleg fram i overgangstida og ikkje i utrengsmål vekkja strid. Dertil gav han den faktiske opplysninga at fiskeuppsynet nordpå i år likso vel som i dei fyrrre åra ikkje vart sett i gang fyre um lag 1 oktober.

Det er soleis heilt urett å segja at Noreg har gjeva upp sjøgrensa si, um so berre fyrebels."

Denne pressemeldinga vart sett upp i samråd med den britiske sendemannen i Oslo, soleis at ein kann segja at ho er ei melding ikkje berre frå den norske utanriksministeren, men likeso vel frå den britiske sendemannen. For det er klårt at det som hadde hendt millom han og meg i dagane fyrr, det var i so måte konfidentielt. Eg kunde ikkje ha rett til å kunngjera nokon ting utan hans samtykke. Og kvart einaste ord i denne pressemeldinga er dryft med den britiske sendemannen. Dermed har ein då full greie på kva som var det britiske standpunkt i den stunda til den norske resolusjonen. Eg kann her leggja attåt at munnleg har den britiske sendemannen både personleg og på vegner av regjeringa si, sagt frå um at det i England var svær undring over den norske framgangsmåten i denne saka, det vil segja at den norske Regjeringa hadde ferda ut slik ein

resolusjon og ikkje på fyrehand sagt frå um dette til den britiske regjeringa. Til det kunde eg for min part svara at vi hadde gått fram på vanleg måte i slike saker, og at dette var eit svar på det stendige kravet frå britisk side um å få vita korleis vi i Noreg vilde stella oss med umsyn på sjøgrensa og fiskegrensa.

De vil ha lagt merke til at her har då utanriksministeren for so vidt lova at i den fyrste tida skulde den kongelege resolusjonen um fiskegrensa bli sett i verk på lempeleg vis, og eg trur at det er rett med ein gong å gjera greie for kva som er meint med dette. Det er sagt nøggjare frå um det i eit skriv frå Utanriksdepartementet til Forsvarsdepartementet den 4 september. Der står det:

"Dei grensene for fiskeområdet i Nord-Noreg som er fastsett med kgl. res. frå 12 juli 1935, er dei som no gjeld, og fiskeuppsynet må halda seg til dem. Men uppsynet bør få instruks om å gjennomføra vakthaldet på lempeleg vis i den fyrste tida, heilt til det kjem motsett order. Med lempeleg gjennomføring meiner departementet den framgangsmåten at når uppsynet møter utanlands trålarar innanfor den grensa som no er fastsett, men utanfor den som skulde bli halden uppe etter reglane frå 1933, bør det åtvara desse trålarane om at no er dei på norsk område, og påleggja dem å koma seg utanfor; vil dei då ikkje lyda, må dei få varsku om at dei i så fall blir innklaga for retten og kan få dom på seg."

Då uppsynsskip skulde bli sendt dit nord straks etterpå vart då dette skrivet frå Utanriksdepartementet sendt med i instruksen, og det heiter i det skrivet som Forsvarsdepartementet hadde sendt til kommanderende admiral: "På nærmere forespørsel pr. telefon om siste ledd i skrivelsen opplyses fra Utenriksdepartementet at det er meningen at opbringelser på nevnte område foreløbig ikke skal finne sted." Dette svaret var gjeve frå Utanriksdepartementet medan eg sjølv var burte i Genève; men det svarar heilt til det eg hadde tenkt med ei lempeleg gjennomføring. Det kann her vera verdt å nemna at i all den tida som no har gått sidan, har det berre vore i tvo tilfelle at framande trålarar har vore innanfor dei nye grensone som vi har fastsett. Det hende med ein finsk trålar, som då med ein gong hadde seg burt. Finnland held på det same standpunkt som Noreg i sjøgrensesaka, so det var berre eit mistak frå finsk side. Og so har det hendt med ein britisk trålar. Det var den 28 november at denne trålaren vart funnen innanfor desse resolusjonsgrensone, um eg kann få lov å kalle dei so, og det var ute på Sværholthavet millom Nordkapp og Nordkyn. Det var ein engelsk trålar som heitte "Moravia". Han vart varsla um at han måtte ha seg burt, og trålaren svara at etter alt han kunde finna etter sine kart, var han utanfor norsk område; men han bøygde seg for orderen og sigla burt. Då trålaren so kom heim til England, gjorde skipparen krav på at den britiske regjeringa skulde krevja skadebot, vederlag, av den norske Regjeringa for det som han hadde tapt med di han

soleis vart vist burt frå eit umråde der han meinte at han hadde rett til å fiska. Det kravet vart bore fram munnleg i Utanriksdepartementet og med ein gong avvist, for di vi heldt fast på at vi hadde gått lempeleg fram, og det var det vi hadde lova. Den britiske regjeringa let so kravet falla; vi har ikkje høyrte meir um det sidan.

Eg går no tilbake til det som hende etter at den britiske sendemannen hadde vore hos meg den 24 august og den gongen sagt at han venta eit framlegg frå si regjering um ein heil skipnad, ein full avtale med Noreg um fisket på dei store bankane utanfor den norske sjøsida nordpå. Då den britiske sendemannen tala med meg um dette fyrst, sa han at den britiske regjeringa hadde alt lenge arbeidt med denne sak og hadde framlegget sitt so nokolunde ferdig, so han venta å ha det med den neste kurerposten, som skulde koma til Oslo den 2 september. Men i røynda kom det ikkje noko frå den britiske regjeringa fyre den 25 september. Då kom den britiske ministeren i Utanriksdepartementet til statsminister Nygaardsvold, som då styrde departementet, og bar fram eit tilbod frå si regjering um forhandling, på den måten at den britiske regjeringa spurde um den norske Regjeringa var viljug til å dryfta framlegg som bygde på 4 hovudpunkt, og dei hovudpunkta var desse:

- "1) Fiskespørsmålet nordpå skulde bli løyst med ein avtale som fylgde hovudlinene i Nordsjøkonvensjonen og gav høvelege forskrifter for merking og opplysning for fiskereidskapar.
- 2) Liner skulde bli oppdregne som avgrensa område for trålarar og linefiskarar utan umsyn til nasjonalitet.
- 3) Desse linene skulde i sume tilfelle gå utanum bankar mange mil utanfor noka tenkeleg sjøgrense.
- 4) I andre tilfelle skulde linene bøygja inn mot land, soleis at dei gav rom for trålarområde etter måten nær inn åt det."

Dette framlegget vart gjeve skriftleg, og eg kann lata utanriksnemnda få avskrift av sjølve den engelske forminga. Samstundes med at dette framlegget kom, bad den britiske sendemannen um at den norske Regjeringa skulde venta 1 eller 2 månader med å setja i verk sjøgrense -, eller skal vi rettare segja: fiskegrensereresolusjonen frå 12 juli, so ein i millomtida kunde koma til liks um det britiske framlegget. Det hende i dei same dagane at ein embetsmann frå det britiske utanriksdepartementet kalla til seg den norske sendemannen i London og sa til han at kom det ikkje eit ja-svar på dette innan den 1 oktober, vilde den britiske regjeringa senda uppsynsskip, orlogsskip, av garde for å verja dei britiske trålarane og dei interessone som dei hadde der nord. Det synte seg etterpå at dette trugsmålet ikkje var anna enn bluff. Eg var på den tida i Genève, men kom att her til 1 oktober og tala då med den britiske sendemannen, som då på nytt kom fram med dette ynsket um utdryggle med iverksetjinga - til dømes ein månad, sa han. Men han nemnde ikkje eit ord um noko slag trugsmål, og eg for min part tok det trugsmålet med stor ro. Eg lova berre at eg skulde dryfta saka med Regjeringa, og det fekk

eg då gjort. Dessutan møttest utanriksnemnda just i dei dagane av andre grunnar, so eg kunde få lagt spørsmålet fram der.

Eg hadde då den 7 oktober ein ny samtale med den britiske sendemannen, der eg gav svaret frå den norske Regjeringa. Dette svaret var på norsk. Eg må opplysa her for dei som ikkje veit det, at den gamle skikken i Utanriksdepartementet er den, at um ein framand sendemann vender seg til departementet på fransk, so får han svar på fransk, som er det diplomatiske målet; men vender han seg til departementet på sitt eige mål - soleis som den britiske sendemannen brukte, på engelsk - so får han svar på norsk. Det norske svaret av 1 oktober lydde soleis:

"Den norske Regjeringa vil gjerne dryfta med den britiske regjeringa spørsmål om trålfiske og linefiske i havet utanfor det norske fiskeområdet, både om avgrensing på fiskebankane og om merking m.m. i likskap med reglane i Nordsjøavtalen.

Den norske Regjeringa vil gjerne høyra på alle framlegg som i dryftinga måtte koma fram på britisk side; men ho kann ikkje på fyrehand binda seg til serskilde fyresetningar for den semja som vonleg kan koma i stand."

Dette siste var då serskilt meint på dette kravet frå britisk side at ein på fyrehand skulde binda seg til å få nye grensor for trålfiske, som gjekk innanfor dei grensone som fyrr var sett upp. - Med omsyn på spørsmålet um å setja ut iverksetjinga av den kongelege resolusjonen fekk den britiske sendemannen det same svaret som han hadde fått fyrr, at resolusjonen skulde bli lempeleg gjennomført, men at det ikkje vilde kunna bli tale um å setja heile resolusjonen ut av kraft, um det so berre var for ei stutt tid.

Eg hadde i dei same dagane samtalar med ein serskild representant for det britiske jordbruks- og fiskedepartementet, ekspedisjonschefen der kann vi vel kalla han på norsk, Mr. Maurice, den same som hadde vore med i sjøgrenseforhandlingane på engelsk side i 1924-1925, og eg fekk då gjennom han høyra svært mykje um kor arge dei britiske trålarane var i England for den norske resolusjonen. Eg fekk høyra reint drastiske skildringar um korleis desse trålarane hadde bore seg åt i det britiske utanriksdepartementet. Eg fekk høyra um korleis dei mange gonger hadde slått i bordet til den mannen som no er utanriksminister, Mr. Eden, korleis dei hadde brukt grove ord, og korleis dei hadde ropa um at no vilde dei ha vern, no vilde dei ikkje tola noko slag valdsferd av nordmennene. Dei brukte ein gong eit slikt ordelag som dette at no har vi so lenge knept ned broka so nordmennene kunde sparka oss i enden; det vil vi ikkje tola no lenger.

Det var den 7 oktober at eg gav den britiske sendemannen svar um at den norske Regjeringa var fullt viljug til å dryfta alle engelske framlegg som måtte koma um ein avtale for trålfisket på bankane ute i havet, og sidan har vi venta på at dette britiske framlegget som hadde vore varsla so lenge,

skulde koma. Endeleg den 7 november kom den britiske sendemannen til meg og sa at no hadde han frå regjeringa si fått eit framlegg til avtale; men det skilde seg noko frå forhandlingsgrunnlaget som var sett upp den 25 september, på den måten at framlegget av 25 september hadde tala um å setja fast serskilde grensor ute i havet for trålfiske og linefiske; men det nye framlegget som sendemannen no hadde fått, vilde skifta havet millom trål- og linefisket etter årstidene, soleis at i visse månader skulde dei halda trålarane heilt burte frå bankane der ute. Likevel sa den britiske sendemannen at regjeringa hans måtte arbeida noko meir med dette framlegget, so han kunde endå ikkje bera det fram for meg, og snart etter reiste sendemannen sjølv på ferie. Men medan han var burte, kom den britiske chargé d'affaires til meg gong på gong og tala um dette same spursmålet, og endeleg den 10 desember kunde han melda at eit fullt ferdig upset til avtale no skulde bli sendt med luftpost frå London, og han vona då at han skulde kunna bera det fram i den same vika. Det vart det no ikkje noko av. Den 23 desember kom han til meg på nytt og fortalde meir um det upsetet til avtale som hadde kome frå London. Det var fullt utforma, ein heil konvensjon på 40 artiklar; men visse spursmål var ikkje løyste der, just slike spursmål som ein skulde forhandla med den norske Regjeringa um. Det var um korleis grenselina millom trål- og linefiske skulde bli dregen. Og so sa den britiske chargé d'affaires at det var ein ting som undra han i det framlegget han hadde fått frå England, og det var dette at det stod ikkje nokon ting um fisket på bankane ute i det opne havet, og han spurde um kanskje eg kunde hjelpa han noko med dette og koma med eit framlegg frå norsk side. Eg sa, som sant var, at eg slett ikkje var budd på å koma med eit slikt framlegg, for di vi hadde sete her og venta på det engelske framlegget um dette no i månad etter månad, og eg sa til han då, som eg hadde sagt gong på gong fyrr, at det var vanskeleg for den norske Regjeringa å halda dette gåande lenger på denne måten, - dette at vi skulde venta på eit framlegg som det alltid vart utdrygt med.

No straks etter nyåret kom den britiske sendemannen tilbake frå ferie og var hos meg med det same han var komen; det var den 6 januar. Eg må segja at eg hadde i grunnen ikkje tenkt at han med ein gong skulde tala um dette sjøgrensespursmålet, eg trudde helst det var ei nyårshelsing han kom og skulde bera fram. Men han tok upp sjøgrensespursmålet òg. Han sa til meg at no hadde han det endelege forhandlingstilbodet frå regjeringa si, og det gjekk ut på at den britiske regjeringa vilde gå med på å godkjenna - ikkje dei linone som den norske Regjeringa hadde sett upp for fiskeområdet, men det som dei kallar "dei raude linene", dei som vart sett upp nær sagt på prøve i 1924, og som ein på ein måte kann segja har vore praktisert. Den britiske regjeringa vilde godkjenna desse raude linene. Men eg må leggja attåt at her i sanning var noko som ein kunde kalla tilbod frå britisk side; for med desse raude linone var ikkje berre meint grunnlinene, dei som òg blir kalla "dei Iversenske linene"; men dessutan var meint dei linone som gjekk 4 kvartmil utanfor dei, so det var då på ein måte soleis at England vilde bøyggja seg for det norske prinsippet um firemilsgrense. Det skulde likevel

ikkje vera eit norsk fiskeumråde, det som denne grensa skulde vise; det skulde vera grensa for det området som alle trålarar - britiske likeso vel som norske - ikkje måtte koma innanfor. Men nettopp for di England der syntest at det hadde tøygt seg svært langt, måtte det krevja visse avvik frå desse raude linene. Det kravde at det måtte vera sume små avvik, som her og der skulde føra lina noko lenger inn til verje for det engelske trimilsprinsippet. Og so sa den britiske sendemannen at regjeringa hans hadde gjeve upp tanken um ein avtale um trålfiske utanfor desse grensone som soleis skulde bli godkjende av Storbritannia. Men likevel meinte den britiske regjeringa at dette tilbodet var so grust eit tilbod frå britisk side so ho måtte krevja eit og anna til vederlag. Dei vilde krevja letting i sume vilkår for dei britiske trålararane når dei kom inn i norske hamner, og den britiske sendemannen streka under at alt dette var eit stort offer frå britisk side.

Eg kann ikkje segja anna enn at dette tilbodet, som eg soleis fekk munnleg, kom svært brått på meg, det at den britiske regjeringa soleis med ein gong skulde gå ifrå alt det som ho hadde halde på å by og lova gjennom alle desse månadene i slutten av 1935, so eg måtte spyrja gong på gong um no dette var soleis å forstå som eg hadde forstått det, og eg bad um at eg kanskje måtte kunna få dette skriftleg, og eg fekk då dagen etter eit lite brev der sendemannen tok upp tilbodet i skriftleg form. Eg skal lesa i umsetning det som han der skreiv:

"Den viktigaste forskrifta i avtalen skulde vera forbod imot tråling for alle skip utan omsyn til nasjonalitet, soleis for norske òg, innanfor den "raude lina", so nær som på nokre få stader som vi kan dryfta sidan, til vern for 3-mils prinsippet vårt. Elles skulde avtalen gjeva forskrifter i likskap med Nordsjø-konvensjonen for fisket på andre stader.

De ser for eit stort steg vi på vår side dermed gjer i medgjevingar til vinning for dei norske fiskarane, og mi regjering meiner at De skulde løna dette med tiltak til lette for britiske trålarar i norske hamner. I det einskilte kan dette bli dryft seinare, men eg vilde vera takksam for å få høyra på den tid det høver Dykk om De - soleis som eg lit på De vil - reknar det grunnlaget som her er framlagt for mogleg å godtaka, so eg kan gjeva melding om det til regjeringa mi."

Av dette brevet kann eg òg gjeva avskrift på engelsk til utanriksnemnda. - Den dagen den britiske sendemannen kom med dette framlegget til meg - eg må ærleg segja at eg ikkje er god for å kalla dette for eit tilbod - tok eg ikkje noko endeleg standpunkt til det. Den britiske sendemannen bad um at eg skulde venta med å gjeva svar. Eg sa til han at um eg skulde svara på ståande fot, måtte eg heilt avvisa det, segja at dette ikkje var noko grunnlag å forhandla på. Eg må ærleg vedgå at under den samtalen var eg so vidt sint so eg kjende meg tvinga

til å leggja band på meg, og eg var redd for at um eg kom til å tala um det, skulde eg koma til å segja for mykje, so for meg var det i grunnen bra å få venta nokre dagar med å gjeva det endelege svaret.

Det svaret som må bli gjeve frå norsk side, har eg då endå ikkje gjeve; men eg har gjort eit oppset til det, og det oppsetet vil eg få lov til å lesa det viktigaste av her i Stortinget. Det skulde aller fyrst vera eit stutt samandrag av det som hadde gått for seg fyrr millom meg og den britiske sendemannen, soleis at ein fekk klårt fram dei ulike framlegga som hadde kome frå britisk side. Til det siste framlegget hadde eg då tenkt å svara soleis:

"Det er hertil å merka at når den norske Regjeringa var viljug til å dryfta framlegg som måtte koma frå britisk side om fiskegrensespørsmålet, so var det for di ho måtte rekna det for ein stor vinning å få ein avtale som gav fast skipnad for tilhøvet millom trålarane og linefiskarane på bankane ute i det frie havet. Når den britiske regjeringa no gjev upp tanken om ein slik avtale, kan ikkje den norske Regjeringa sjå at det blir noko grunnlag for forhandling om fiskegrensespørsmålet."

So vil eg segja noko um dei raude linene. Det eg har skrive, lyder soleis:

"Det kartet med dei "raude linene" som vart framlagt under forhandlingane 1924-25, var ikkje utarbeidd av noka ansvarleg norsk myndigheit, og det vart straks frå fyrste stund både frå britisk og frå norsk side sagt ifrå og godkjent at alt som vart framlagt i desse dryftingane, ikkje på nokon måte prejudiserte norsk standpunkt i spørsmålet om sjøgrensa. Då den britiske sendemannen 24 mai 1934 vilde slå fast at britiske trålarar etter ei semje frå 1925 skulde ha rett til å drive fisket sitt heilt inn åt desse "raude linene", vart dette straks tilbakevist av det norske Utanriksdepartementet."

- Det var statsminister Mowinckel som då styrde det. - "Dei raude linene" kan soleis ikkje vera noko utgangspunkt for dryftingar om fiskeskipnad nordpå. Fyrst med den kgl. resolusjonen 12 juli 1935 har Noreg fastsett kva dei norske statsmaktene reknar for grensene for det norske fiskeområdet i havet utanfor Nord-Noreg. Og desse grensene er det som no gjeld. Den britiske regjeringa har gjort sine undanhald mot dei grensene som soleis er fastsett, og ho har dessutan sagt ifrå at ho ikkje vil godkjenne den gamle norske rettsgrunnsetninga om ei 4-mils-grense utanfor grunnlinene.

Kan den britiske regjeringa ikkje no finna at ho vil respektera det vedtaket som dei norske statsmaktene har gjort om fiskegrensene, so meiner den norske Regjeringa at det rette må vera å la stridsspørsmålet bli avgjort av ein millomfolkeleg domstol.

Den norske Regjeringa har den vona at spørsmålet på den måten kan bli løyst i full vennskap millom dei to statane."

Det svaret har eg då ikkje gjeve endå, og det er for di eg vilde at Stortinget skulde ha høve til å høyra det og - um det so ynskte - dryfta det; for her gjeld det eit nytt steg i denne

saka, og det vil vera ein stor vinning um statsmaktene her er einige, og at Stortinget veit kva den norske Regjeringa gjer. Eg må her leggja attåt at når dette svaret er gjeve, reknar eg det for sjølvgeve, um då ikkje noko reint serskilt skulde henda - t.d. at den britiske regjeringa sa at ho likevel vilde forhandla på det gamle grunnlaget som ho fyrr hadde gjort tilbod um - at uppsynsskipa våre nordpå må få order um å slutta med den lempelege gjennomføringa av den kongelege resolusjonen og setja han i verk heilt ut.

Det som er ei hovudsak i dette svaret som eg har gjort oppset til, er då dette siste at den norske Regjeringa vil rekna det for rett at saka går til millomfolkeleg domstol, um den britiske regjeringa ikkje vil respektera det som dei norske statsmaktene har vedteke. Det kann vera serskilte grunnar til å segja frå um dette til den britiske regjeringa alt no på fyrehand. Det har hendt eit par gonger i haust under samtalanene med den britiske sendemannen og den britiske chargé d'affaires at det har kome trugsmål til Noreg um at England vilde nytta makta si til å leggja eit trykk på Noreg og tvinga Noreg til å bøygja seg for det engelske standpunktet. Med makt meiner dei då i dette tilfellet det som dei har kalla eit handelstrykk, commercial pressure, og dei har peika på det som det kunde bli tala um. Det eine er at dei kunde segja opp den handelsavtalen som vi har med England, og som no kvar dag kan bli sagt opp med ein frest på 6 månader, og det andre er det som har kome fram gjennom dei britiske representantane her, helst som eit ordlag frå dei britiske trålarselskapa, at fiskeforretningane der burte i England, dei som er meir eller mindre bundne i hop med trålarselskapa, ikkje vil kjenna noko plikt på seg til å selja norsk fisk. Det er då slike usømelege trugsmål um å føra inn det slag maktråder i dette spørsmålet som eg trur at ein i minsto må freista å avvenda med å segja frå um at den norske Regjeringa er viljug til å bøygja seg for ein millomfolkeleg dom.

Det kann vera ein annan grunn òg til å segja frå um dette på fyrehand, og det er det at vi alltid vil kunna få den greiaste og fullaste avgjersla i spørsmålet, um dei tvo regjeringane på fyrehand blir einige um å forma dei spørsmåla som skal bli lagde fram for domstolen. Ein kunde tenkja seg at vi kunde koma til å få denne saka fram for den millomfolkelege domstolen på ein annan måte, på den måten at det hende ein samanstøyt der nordpå, soleis at den eine eller andre parten kunde segja: Her er vår rett krenkt, og vi går til domstolen med det. Men slike serskilte saker kunde lett bli forma soleis at ikkje alle sidor av spørsmålet vart avgjort heilt ut, at det berre vart sume sidor som då vart avgjort. Det er greitt at vi i slike tilfelle likevel kunde leggja fram krav for domstolen um at andre spørsmål skulde bli tekne med; men domstolen vilde då stå fritt um han vilde etterkoma dette kravet eller ikkje, so det tryggaste for oss på alle måtar vilde vera um vi på fyrehand kunde få ein avtale med England um at heile dette spørsmålet um fiskegrensone nordpå kom samla fram for den millomfolkelege domstolen.

Og står saka soleis at vi no i denne stunda ikkje torer venta noko slag semje med England, då trur eg at det med det

same må vera ein naturleg konsekvens at den norske Regjeringa let resten av fiskegrensespørsmålet liggja so lenge. Utanriksnemnda har gjeve ein lovnad um - og ein kann kanskje segja: har eit pålegg um - å koma med tilråding til Stortinget um heile sjøgrensa langs den norske havsida frå nord til sør, og det vil frå Regjeringa ikkje vera noko til hinder for at Stortinget avgjer denne saka, når det berre blir lagt i hendene på Regjeringa å setja vedtaket ut i livet til den tid som høver. For min part trur eg ikkje det vil vera bra å vida ut striden på dette området, men at ein fyrst bør sjå til å få stridsspørsmålet der nord på endeleg og for godt avgjort. Det kann vera mange grunnar for oss til det, og ein hovudgrunn er vel den at der nord står våre krav um ei fiskegrense som går noko langt ut i havet, mykje sterkare enn på nokon annan kant av landet vårt, for di vi kann segja at her gjeld det vitale krav, livskrav for ein heil folkesetnad. Det er noko som alltid må koma til å vega tungt for kvar rett. Og dessutan: har vi striden berre um desse spørsmåla der nord, blir det lettare å få ei avgjersle som vi sidan kann byggja på. Skulde vi tapa - det som eg for min part ikkje trur; men ein kann sjølv sagt aldri vita korleis ei rettssak ender - skulde vi tapa, vilde vi i tilfelle berre ha å gjera tilbaketog på ein einskild kant av landet vårt, ikkje på alle kantar. Skulde vi vinna, so mykje dess betre. Med umsyn på dette spørsmålet um å tapa eller vinna kann eg nemna, at eg går ut ifrå at dei på engelsk side ikkje er større huga på å få saka fram for ein millomfolkeleg domstol, for dei trur at i denne saka - dette med å halda uppe ei tri-mils-grense som for engelskmennene er eit so stort prinsippspørsmål, ei so viktig sak, - i denne saka vil dei tapa. Det trur engelskmennene sjølve, for di dei vedkjenner seg at dei historiske grunnane for den norske firemilsgrensa er sterke.

Eg har endå ein ting å leggja attåt. Det er ikkje berre den britiske regjeringa som i denne saka har vendt seg til Noreg og kome med protest. Den tyske sendemannen i Oslo kom til meg den 23 oktober og sa frå at hans regjering ikkje kunde godkjenna at den norske Regjeringa heldt uppe ei firemilsgrense som var i strid med folkeretten, og at den tyske regjeringa dessutan ikkje kunde godkjenna grunnlinor som gjekk so langt ut - dregne opp, som han sa, etter so vilkårlege prinsipp at det kunde føra til at Tyskland på det grunnlaget jamvel kunde taka heile Nordsjøbukta og leggja inn til sitt område. Den tyske protesten skaut so langt over målet at det ikkje var vanskeleg å få forklåra den tyske sendemannen kor urimeleg standpunktet hans var. Eg treng ikkje å gå inn på det her, alle medlemene av Stortinget kjenner den norske synsmåten, so det er heilt uturvande å taka det opp att. Men eg skal nemna at dei tyske trålarreidarane på fyrehand hadde gjort ein resolusjon - eg trur det var i Hamburg - um at dei ikkje vilde at regjeringa skulde godkjenna den norske fiskegrenseresolusjonen. Eg har fått vita at dei tyske trålarreidarane gjorde dette etter oppmoding frå britisk side. Og det var naturleg at eg hadde ein mistanke um at den tyske regjeringa like eins protesterte etter oppmoding frå England. Eg kann ikkje segja at eg har noko prov for det; men eg har for 8 dagar sidan fått opplysningar som eg trur tyder på at denne mistanken er rett. Det viser seg at den

britiske regjeringa har meldt ifrå, i det minste til den franske regjeringa, at ho har sendt inn protest til Noreg, og at den franske regjeringa har funne grunn til å taka upp spørsmålet um ikkje ho òg skulde protestera. Ho har sendt spørsmålet til det franske reidarsambandet, som vi kann kalla det, og der har då saka blitt dryft. Det er på den måten vi i det norske utanriksdepartementet har fått greie på denne dryftinga. Men dryftinga har ikkje ført til at Frankrike har protestert. I det rundskrivet som har gått ut um saka i Frankrike, er det tvert imot peika på at det kunde bli til stor skade for sjølve det franske standpunktet um Frankrike her vilde protestera, for di Frankrike sjølv, og fyrst av alle, heiter det, hadde halde uppe det standpunktet at ei nasjonal regjering hadde rett til med sin eigen suverenitet å fastsetja fiskegrensone sine ute i havet. Etter det soleis er opplyst at England må ha vendt seg til andre statar i denne saka, og, ein kann vel segja, har freista å mobilisera andre regjeringar mot Noreg, trur eg nok det kann vera rimeleg at den norske Regjeringa på si side går til andre statar, og kanskje fyrst og fremst til dei nordiske granneregjeringane våre, som står på det same standpunktet i sjøgrensespørsmålet, vender seg til dei med opplysning um det som har gått for seg millom Noreg og England. Det må vera likeso rett for os på den måten å reisa ein internasjonal opinion som det har vore for England å gjera det.

Dette er då dei opplysningane eg har å gjeva um dei faktiske ting som har gått for seg, og dessutan um det standpunktet som den norske Regjeringa har teke i denne saka. Eg vil vona at vi snart, ein av dei allerfyrste dagane, skal kunna gjeva svaret vårt til den britiske regjeringa på det siste tilbodet som er kome, og for min part kjenner eg meg viss på at Stortinget vil vera einig i det minste i det grunnsynet som vi har bygt på i alle desse forhandlingane.³

Presidenten: Presidenten vil foreslå at utenriksministerens redegjørelse oversendes til den utvidede og forsterkede utenrikskomite. Det er da tanken at den øieblikkelig vil bli trykt og omdelt til Stortingets medlemmer forat man senere, og snarest mulig, kan få anledning til å uttale sig om den.

Lykke: Den utvidede og forsterkede utenrikskomite? Det var den forsterkede komite som møttes om sjøgrensespørsmålet. Vi var ikke med.

Presidenten: Presidenten er helt klar over at medlemmer av den utvidede komite muligens kan ha en klædelig beskjedenhed fordi de ikke har vært med på å behandle hele saken. Men all den stund det her er spørsmål om å bringe saken inn for Haag, anser presidenten det for overensstemmende med Stortingets reglement at også den hele utvidede komite behandler spørsmålet - og anser det for enstemmig bifalt.

³ Hit gjengitt etter trykt, hemmelig referat.

Presidenten vil foreslå at meddelelsen fra den forsterkede konstitusjons- og utenrikskomite - som er omdelt til representantene - vedlegges protokollen - og anser det for enstemmig bifalt.

Statsminister Nygaardsvold overbragte kongelig proposisjon om beskatning av bankinnskudd for budgetterminen 1 juli 1936 - 30 juni 1937.

Presidenten: Presidenten foreslår den overbragte proposisjon oversendt finans- og tollkomiteen.

Seip: Denne proposisjon heng saman med ein odelstingsproposisjon som kommunalnemnda har havt for seg millom sesjonane. I røynda gjeld det ein skatt til kommunane og ikkje til staten, so eg meiner det hadde vore rettast at proposisjonen vart send til kommunalnemnda. I forma er det likevel ein statsskatt, og då skal saka etter reglementet til finansnemnda, so eg har ikkje nokon merknad å gjera til framlegget frå presidenten; men eg vil gjera framlegg um at finansnemnda vert auka med tvo medlemmer frå kommunalnemnda. Tilrådinga um lovproposisjonen er ferdig, og desse ting heng so nøgje saman at eg trur det vil gjera saka fortare ferdig um tvo mann frå kommunalnemnda kjem med her. Eg vil leggja til at det hastar med å få denne tilrådinga ferdig. Stortingsvedtaket bør liggja fyre med det same lova vert sett i kraft, og lova vil truleg verta fyrehavd i Odelstinget og Lagtinget i dei aller fyrste dagane.

Presidenten: Presidenten har ikke kunnet foreslå at saken oversendes til finanskomiteen forsterket, fordi reglementets bestemmelser er ganske klare, og presidenten har næret begrunnet frykt for, at hvis man i det enkelte tilfelle skulde skape en precedens for at finanskomiteen under behandlingen av skattebeslutninger skal forsterkes med medlemmer av den komite som har behandlet lover eller andre bestemmelser som korresponderer, så vilde det komplisere hele apparatet. Men presidenten vil selvfølgelig intet standpunkt ha tatt, før han hører hvad finanskomiteens medlemmer sier.

Lykke: Finanskomiteen tar med takk imot den assistanse som bydes fra de forskjellige komiteer. Jeg vil som formann i komiteen ikke blande mig op i hvorvidt den i dette tilfelle skal forsterkes, men det er jo så, som presidenten sier, at vi kun behandler skattebeslutningene uansett hvilken komite det er som behandler selve skattelovene. Om det er noe som gjør at man i dette særegne tilfelle bør forsterke komiteen, kan jeg altså ikke uttale mig om, men da jeg av kontorchefen blev spurt på forhånd - det vil jeg si like ut - sa jeg at jeg synes ikke det er mere rimelig i dette tilfelle enn i andre. Men jeg vil gjerne høre om det er finanskomiteens øvrige medlemmers mening. Jeg vil i tilfelle ikke motsette mig det.

Seip: Eg vil gjerne få leggja til at då vi fekk lovproposisjonen, var skattevedtaket teke inn i lovproposisjonen, slik at lova sjølv sa kor stor skatten skulde

vera i alle høve. Det gjorde nemnda framlegg um skulde brigdast, slik at det vart eit stortingsvedtak for kor stor skatten skulde vera; men det heng i dette tilfelle so nøgje saman at eg meiner det vil tena alle saklege interesser at finansnemnda her vert auka. Det er soleis kommunalnemnda som er skuld i at finansnemnda i det heile får denne saka.

Hornsrud: Jeg kan ikke skjønne at der er noen særlige grunner til stede for å forsterke finanskomiteen ved behandlingen av denne sak. Jeg er ikke i stand til å skjønne det. Riktignok kan man uttrykke sig slik som finanskomiteens ærede formann gjorde, at han vilde ta imot med takk enhver assistanse ved enhver saks behandling, men rent saklig ser jeg saken på samme måte som presidenten, nemlig at det vil være å forstyrre den almindelige behandlingsmåte av den slags saker - rene skattebeslutninger - hvis man skal begynne å forsterke finanskomiteen ved behandlingen av nærværende sak. Jeg synes det er liten opfordring til det, men selvfølgelig, hvis Stortinget finner grunn til det ved denne spesielle anledning, vil ikke finanskomiteen kunne motsette sig det, men noen opfordring til å gjøre det er det ikke, hr. president.

Støstad: Det kan nok hende det ikke har så stor betydning, om man forsterker finanskomiteen i dette tilfelle, men på den annen side tror jeg ikke det går an å nekte for at det må være nokså begrunnet, at den komite som skal behandle lovene som gjelder dette spørsmål, også får anledning til å være med og behandle saken i finanskomiteen. Jeg tror ikke at det behøver å bli noe eksempel for fremtiden, selv om man i et så ekstraordinært tilfelle som dette går til det skritt å forsterke finanskomiteen. Jeg må således erklære mig enig i det som hr. Seip gav uttrykk for her fra talerstolen, og jeg vil anbefale at finanskomiteen blir forsterket.

Lykke: Kunde vi ikke la saken ordne på den måten at finanskomiteen fikk se på den og selv fikk avgjøre hvorvidt den ønsket forsterkning eller ikke.

Presidenten: Presidenten finner det i og for sig riktig at finanskomiteen ser på saken, fordi finanskomiteens medlemmer har jo, som formannen nevnte, vanskelig for å ta meget sterkt standpunkt før de har sett sakens dokumenter. De er ennå ikke omdelt, og først i et møte i Odelstinget for lukkede dører, som vil bli holdt umiddelbart efter dette stortingsmøte, vil saken bli referert og foreslått oversendt til kommunalkomiteen. Presidenten har intet imot at man venter med avgjørelsen, men presidenten går ut fra at det må være Stortinget som treffer avgjørelsen og ikke komiteen selv, særlig når der synes å være divergenser til stede, og presidenten vil da gjerne foreslå at saken utstår, men jeg går ut fra at komiteen, når dokumentene omdeles idag, må kunne ta standpunkt, slik at man i det referatmøte som holdes imorgen, må kunne avgjøre ekspedisjonsmåten, da presidenten er klar over at det haster.

Seip: Saka er sjølvsagt ikkje so stor at det er noko å gjera so svær halloi um, men eg trur det var praktisk å ordna det slik, at vi som har arbeidt med saka heller grundigt, no når det hastar, fekk høve til å gjera greie for det som vi kjenner til, for finansnemnda. Eg tykkjer det må vera ei praktisk ordning, men dersom finansnemnda meiner det er uturvande, skal eg ikkje taka upp Stortingets tid meir med dette.

Lykke: Rent praktisk vil jeg si at finanskomiteen teller 13 medlemmer, og presumptivt skulde vi da ialfall være folk som forstod oss på litt av hvert når det gjelder skatter. Hvad nu de herrer i kommunalkomiteen vil hjelpe oss med, det forstår jeg er selve prinsippene for beskatning av renter. Men det avgjør vi i denne forsamling før vi kommer i komiteen, vi avgjør prinsippene og størrelsen av disse beskatninger eller utligningsmåten, og finanskomiteen får da sandelig få lov til å være kompetent til å bedømme saken. Vi takker naturligvis for assistansen, men anser den i dette tilfelle for overflødig.

Moseid: Jeg er enig med presidenten i at det av prinsipielle grunner vilde være betenkelig å fravike den almindelige praksis i Odelsting og Lagting, og for så vidt må behandlingen av kommunalkomiteens innstilling være avsluttet før finanskomiteen kan behandle saken. Men det forholder sig ikke slik som hr. Seip sa, at det var kommunalkomiteens stillingtagen som gjorde at denne sak siden vilde komme til finanskomiteen. Den måtte selvfølgelig under alle omstendigheter komme til finanskomiteen, for der må utferdiges skatteregler selv om der kan være detaljer som vilde blitt vedtatt i loven.

Presidenten: Presidenten går efter de falne bemerkninger ut fra at det må være tilstrekkelig her når finanskomiteens medlemmer har sett sakens dokumenter, at det under konferanse mellem de 2 komiteformenn blir avgjort hvorvidt Stortinget behøver å fatte noen beslutning om forsterkelse. Finanskomiteen vil jo under alle forhold ha adgang til å innkalle f.eks. ordføreren eller hvem den måtte ønske fra kommunalkomiteen for å drøfte saken, og hvis ingen innvending fremkommer, går presidenten ut fra at der vil bli gått frem på den måten.

Protokollen blev derefter oplest og foranlediget ingen bemerkning.

Møtet hevet kl. 11.10.